



**STRYN KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Det kgl. landbruks- og matdepartement

**Vår ref.**  
14/1055-3/K1-V60//ABE

**Dykkar ref.**  
14/1567

**Dato:**  
25.11.2014

**Høyringsuttale om oppheving av konsesjonslova og buplikt på landbrukseigedomar.**

Vedlagt finn ein møtebok frå Stryn kommunestyre si handsaming av sak:

«Høyring om oppheving av konsesjonslova og buplikt på landbrukseigedomar.

Med helsing

Anna Bringsvor Egedahl  
Leiar servicekontoret  
57874850

**Postadresse/besøksadresse:**  
Tonninggata 4  
6783 STRYN

**Org.nr:** 963 989 202

**Telefon** 57 87 47 00  
**Telefaks:** 57 87 47 01

**e-postadresse:** [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)  
**Heimeside:** <http://www.stryn.kommune.no>

**Banksamband**

|                 |               |
|-----------------|---------------|
| Nordea          | 6557 05 02802 |
| Sparebanken SFJ | 3795 07 00239 |
| Nordea (SKATT)  | 6345 06 14493 |



# STRYN KOMMUNE

## MØTEBOK

| SAK       | ORGAN         | MØTEDATO   |
|-----------|---------------|------------|
| FO 176/14 | Formannskapet | 12.11.2014 |
| KS 081/14 | Kommunestyret | 20.11.2014 |

Avgjerd av: Kommunestyret  
Sakshandsamar: Ellen Kirkeeide

Ref: 14/1055 -2

Ark. V60

### Høyring om oppheving av konsesjonslova og buplikt på landbrukseigedomar.

#### Presentasjon:

Landbruks- og matdepartementet har sendt forslag om oppheving av konsesjonslova og buplikt på høyring.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Konsesjonslova av 28.11.03

#### Aktuelt sakstilfang:

#### Vedlagt saka:

- Høyringsnotat, datert 15.10.2014

#### Saksopplysningar:

Formålet til gjeldande konsesjonslov er «å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet...»

Konsesjonslova gjeld overtaking av fast eigedom, men nokre overdragingar er unnatekne konsesjon. Meininga er at forvaltinga skal kunne gjere konkrete avvegingar der bruk og vern står sentralt, og dermed unngå overdragingar som er i strid med samfunnet sine behov for utnytting av eigedom. Overdraging av landbrukseigedomar over ein viss storleik til nær slektning, er konsesjonsfri på vilkår av at ein buset seg på eigedomen innan eit år. Bebygde eigedomar under 100 da totalareal og 25 da fulldyrka jord er i dag konsesjonsfri.

Av høyringsbrevet går det fram at forslaget inneber at overtaking av fast eigedom ikkje lenger vil vere avhengig av løyve frå det offentlege. Vidare vil det ikkje vere buplikt ved overtaking av landbrukseigedom, og det kan heller ikkje fastsettest forskrift om nedsett konsesjonsgrense i kommunane. Forslaget styrkjer den private eigedomsretten, og vil forenkle omsetting av eigedomar mellom private.

I Stryn har det vore handsama mellom 4 og 9 konsesjonssøknader pr år etter lovendringa i 2009. Dette er alt frå små ubebygde jordstykke til saker der det må søkjast konsesjon fordi overtakar ikkje ønskjer å busette seg på landbrukseigedom han har overteke frå nær slektning. Dei aller fleste eigedomsoverdragingar i kommunen er unnateke konsesjon eller er konsesjonsfri.

### **Vurdering:**

Denne saka er i stor grad politisk, vurderingane nedanfor er bygde på administrasjonen sine erfaringar og oppfatningar.

Høyringsnotatet er omfattande og byggjer på studiar og statistikkar. Vi vil i hovudsak ta føre oss situasjonen i Stryn, og korleis vi meiner oppheving av desse regelverka vil påverke vår kommune.

### Statistikk.

I mange år har vi hatt fokus på tome gardsbruk, og korleis vi kan få busetnad på desse gardane og i bygdene. Mange av gardane som det ikkje bur folk på no, vart overdregne til noverande eigar før buplikta vart innført. Andre gardar er så små at det etter regelverket ikkje er buplikt på dei. Vi vil tru at mange av dei ca 30.800 gardsbruka utan busetnad i landet, som det vert vist til i høyringsnotatet, er i same gruppe som desse. Å vise til dette og seie at konsesjonslova ikkje verkar, vil etter vårt syn vere feil.

### Om behovet for endring.

Å eige ein landbrukseigedom kan ikkje medføre at ein berre har rettar. Viss ressursane skal verte godt forvalta, må det også vere plikter knytt til å eige.

Departementet ønskjer større omsetting av landbrukseigedomar. Omsetting er ønskjeleg der eigar ikkje vil eller klarar å drive garden, og andre vil overta for å bu og drive. Men å omsette ein landbrukseigedom berre for å få ny eigar som korkje vil drive eller bu, kan ikkje gje noko meining.

Ved å fjerne konsesjon og dermed prisregulering og buplikt, er vi redde for at gardar vert kjøpt opp av folk med mykje pengar, som vil bruke ressursane men ikkje ta del i fellesskapet og utføre dei plikter som ligg til. Vert eigedomane selde fritt, vil det med dagens forhold mellom prisar på landbruksprodukt og prisar på varer og tenester som ein treng å kjøpe i landbruket, ikkje vere råd å forrente kjøp av landbrukseigedom med innteninga i landbruket. Å oppheve konsesjonslova for at fleire skal få kunne kjøpe gard for å drive, anten som sjølvstendig eigedom eller tilleggsjord, trur vi ikkje er vegen å gå.

### Buplikt

I høyringsnotatet vert det stilt spørsmål ved om reglane om buplikt verkar. For vår kommune meiner vi at reglane har ein effekt. Fleire ville ha overteke eigedomar utan å busette seg, dersom dei ikkje hadde blitt pålagde buplikt. Tome gardsbruk har fleire negative følgjer. I rasutsette dalføre er husa tradisjonelt bygde på dei trygge plassane. Når eksisterande våningshus vert nytta til fritidsbustader, blir det vanskeleg å finne nye sikre område for oppføring av hus for dei som vil busette seg.

For dei som lever av jordbruk og bur på bygdene, er det vanskeleg når «naboen» bur ein annan stad i landet. Dei som ikkje bur i bygda kan lettare unndra seg gjerdehald og andre plikter som t.d. vedlikehald av felles vegar. Spesielt er manglande gjerdehald eit stort problem for dei som driv med husdyrproduksjonar, i første rekke er sauehaldarane fortvila.

Dei få konsesjonssøknadene vi har i løpet av året, viser at det ikkje er uforholdsmessig mykje tid byråkratiet brukar for å handheve regelverket. Kontrollarbeidet er heller ikkje tyngjande, vi forhold oss til folkeregisteropplysningane, slik forvaltingsrutinar tilseier. At nokre omgår regelverket kan ikkje vere argument for å fjerne reglar.

Oppheving av konsesjonslova og buplikt vil ha store negative konsekvensar for bygdesamfunn og landbruk, og i neste omgang reiseliv, i Stryn kommune.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Stryn kommune meiner konsesjonslova, med buplikt og prisregulering for landbrukseigedomar, må oppretthaldast.

### **Handsaming i Formannskapet 12.11.2014.**

#### **FO-176/14 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

### **Handsaming i Kommunestyret 20.11.2014.**

Frp v/Arve Glomnes fremja følgjande forslag:

«Stryn kommune slutter seg til «Forskrift om oppheving av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) og endringar i lov om odelsretten og åseteretten (odelslova).»

Ap v/Jan Træen fremja følgjande forslag:

«Stryn kommune meiner at arealgrensa for konsesjonsplikt kan vurderast heva»

Det vart først røysta over Frp sitt framlegg opp mot formannskapet si tilråding.

Frp sitt framlegg fekk 7 røyster, medan formannskapet si tilråding fekk 17 røyster.

Det vart deretter røysta over tillegget frå Ap som fekk 15 røyster, medan 9 røysta mot.

### **KS-081/14 Vedtak:**

Formannskapet sitt framlegg med tillegg av framlegget frå Ap vart dermed vedteke.

Vedtaket får etter dette denne ordlyden:

Stryn kommune meiner konsesjonslova, med buplikt og prisregulering for landbrukseigedomar, må oppretthaldast.

Stryn kommune meiner at arealgrensa for konsesjonsplikt kan vurderast heva.

---

**Sign.**

Per Kristian Storevik  
- sekr.-

**Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:**

Landbruks- og matdepartementet (*postmottak@lmd.dep.no*)